



Fylkesmannen i Hordaland

Kaigt 9

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar: Sandset, Ingunn Landro

Vår: 14/1193 - 14/11197

Saksbehandlar:

Astrid Namtvedt Sylta

syas@lindas.kommune.no

Dato:

09.05.2014

Søknad om kompetansemidler til barnehagane 2014

Viser til brev frå Fylkesmannen i Hordaland datert 26.02.2014 der det vert orientert om mogelegheit for å søkje om kompetansemidler til barnehagane for 2014. På vegne av rådmannen vert det med dette søkt om kr 126 885 i kompetansemidler til barnehagane i Lindås. Kompetanseplan for 2014 – 2020 vert lagt ved søknaden.

I samband med utarbeiding av langsiktig kompetanseplan for 2014 – 2020 har det vore sett ned ei gruppe av kommunale- og private styrarar som har utarbeidd forslag til plan. Endeleg vedtak av planen er gjort av styrargruppa som består av alle styrarane i kommunen, både private og kommunale. Som det går fram av planen har ein i dette arbeidet tatt utgangspunkt i sentrale dokument og klare føringar frå fylkesmannen. Planen er bygd opp slik at alle desse felte er ivaretekne:

- Pedagogisk leing – barnehagen som lærande organisasjon.
- Danning og kulturelt mangfald.
- Eit godt språkmiljø for alle.
- Barn med særskilde behov.

Kompetanseplan 2014 – 2020 er som namnet seier ein langsiktig plan. I praksis betyr det at her må gjerast mange val under vegs, kva prioriterer ein i år og kva må vente med til eit seinare år. I styrargruppa i Lindås er det særleg to område som har vore mykje drøfta. Det eine er leiarkompetanse for pedagogiske leiarar sett i lys av barnehagen som ein lærande organisasjon, det andre er meir kompetanse på språk, særleg med fokus på minoritetsspråklege barn. Desse to fagområda er og drøfta i Nordhordland kursregion, som Lindås er ein del av. Mykje tyder på at det er desse områda i kompetanseplanen me første vil starte med.

Gjennom Nordhordland kursregion har Lindås eit tett samarbeid med dei andre Nordhordlandskommunane. Ein del av kompetansetilboda vil difor verte gjeve gjennom kursregionen, andre ting vil vere reine Lindåstilbod.

Håpar på positivt svar på søknaden.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733
56 37 50 00



Med helsing

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Endeleg Kompetanseplan 2014 - 2020

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland,
utdanningsavdelinga

Postboks 7310 5020

BERGEN

Vedlegg:

Kompetanseplan 2014 – 2020, barnehagane i Lindås.

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Kaigt 9

5020

BERGEN